



Kommunane i Møre og Romsdal
v/politisk og administrativ leiing
v/skule- og barnehageansvarlege
v/personalansvarlege for barnehage og skule
Ikkje-kommunale barnehageeigarar
Private skuleeigarar
Møre og Romsdal fylkeskommune
v/utdanningsavdelinga
v/personalavdelinga

Fag- og rekrutteringsdag for barnehage og skule - "Ut i jobb"-dag" ved Høgskulen i Volda torsdag 15. januar 2015

GLØD og GNIST Møre og Romsdal innbyr for 4. året til ein ny fag- og rekrutteringsdag ved Høgskulen i Volda **torsdag 15. januar 2015 frå kl. 10.00 til 15.00**. Dagen vil, som tidlegare, vere delt i to – med ein fagdel før lunsj og stand på messeområdet etter lunsj. Innbyding med program blir lagt ut på både Fylkesmannen og Høgskulen i Volda (HVO) si heimeside. Høgskulen er arrangør for opplegget og GLØD og GNIST vil dekkje lunsj for alle påmelde.

Målgruppe er ordførarar, rådmenn, barnehage-, skule- og personalansvarlege i kommunane, ikkje-kommunale barnehage- og skuleeigarar, skule- og personalansvarlege i fylkeskommunen, samt deltakarar i GLØD og GNIST Møre og Romsdal. Skulepolitikarar er spesielt velkomne til å delta! Høgskulen stiller med studentar frå både barnehagelærarutdanninga, den nye grunnskulelærarutdanninga (1-7 og 5-10) og fagstudentane i PPU.

Målet er å skape ein møteplass mellom studentar og kommunar/fylkeskommune og ikkje-kommunale eigarar for å rekruttere barnehage-/lærarar til dei ulike skoleslaga. Over 300 studentar vil få tilbod om å kome i kontakt med aktuelle arbeidsgjevarar denne dagen!

Innhald:

Før lunsj (kl. 10.00 – 12.00) blir det opning av fagseminaret for barnehage- og skuleeigarar med fokus på e-læring og deltidsstudie v/HVO, samt sentrale føringar for m.a. kompetanseutvikling i barnehage og skule.

Etter lunsj (kl. 13.00 – 15.00), blir rekrutteringsmessa opna, der vi oppmodar kommunane og fylkeskommunen, samt private barnehage- og skuleeigarar til kreative «stands» for å marknadsføre seg som attraktive arbeidsgjevarar for aktuelle studentar. Høgskulen ordnar med bord, straum og tilgang til internett for kvar utstillar på «Ut i jobb» - messa.

Påmelding innan fredag 12. desember på følgjande web-adresse:

www.hivolda.no/utijobb

GLØD har vore eit prosjekt i regi av Kunnskapsdepartementet frå 2011. Målet har vore å styrke dei tilsette sin kompetanse i barnehagen, heve statusen for arbeid i barnehagen, auke rekruttering av barnehagelærarar og rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar. Prosjektet er no avslutta, men blir vidareført som eit lokalt nettverk i Møre og Romsdal.

GNIST har vore ein femårig partnerskap i regi av Kunnskapsdepartementet for ei heilskapleg lærarsatsing. Målet har vore rekruttering til læraryrket, rettleiing av nyutdanna lærarar, omdømmebygging, kvalitet i lærarutdanninga og kompetanseheving for lærarar og skuleleiarar. Prosjektet vart avslutta sommaren 2014, men blir vidareført som eit lokalt nettverk i Møre og Romsdal ut 2015.

På vegn av GLØD og GNIST i Møre og Romsdal ønskjer vi **vel møtt til Volda 15. januar 2015** og vonar mange arbeidsgivarar og studentar stiller opp på dette arrangementet!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
Utdanningsdirektør

Liv Marie Opstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Program for dagen 15.01.15

Kopi:

GLØD - nettverket i Møre og Romsdal

GNIST- nettverket i Møre og Romsdal

Fag- og rekrutteringsdag – «Ut-i-jobb»-dag 15. januar 2015
Høgskulen i Volda (HVO), Berte Kanutte Huset, kl. 10.00 – 15.00



PROGRAM

- Kl. 09.30 – 10.00: Frammøte / kaffi
- Kl. 10.00 – 10.15 Opning/vel møtt! v/fylkesmann Lodve Solholm
- Utfordring på rekrutteringsområdet i Møre og Romsdal
- Kl. 10.15 – 10.45: Sentrale føringar for satsingar i barnehage og skule
- Konsekvensar for barnehage- og skuleeigarar, Høgskulen i Volda (HVO) og Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) v/utdanningsdirektør Alv Walgermo, FMMR
- Kl. 10.45 – 11.30: Fleksibel utdanning for tilsette i barnehage og skule
v/Hilde Gry Leer-Salvesen, rådgivar for e-læring v/HVO
- Kl. 11.30 – 12.00: Desentralisert lærarutdanning ved Høgskulen i Volda
- Innlegg frå lærar og student
 - Nettbasert vidareutdanning – Innblikk i eit nettstudium
- Kl. 12.00 – 13.00: Lunsj og opprigging til «Ut-jobb»-messe
- Kl. 13.00 – 15.00: Opning av messa ved Høgskulen i Volda
- Besøk av studentane på stand
 - Barnehage- og skuleeigar får høve til å presentere seg, gi studentane tilbakemelding på kompetansebehov og snakke om kva dei kan tilby som arbeidsgjevarar.
- Kl. 15.00: Slutt for dagen. Vel heim!